



Klar til start i klasse gutar 10 år. Frå venstre Johannes Hellesøy frå Rosendal, Harald Myklebust Lekva frå Uskedalen og Magne Árthun Bergane frå Matre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det deltok rundt rekna 100 i Kvinnheradmeisterskapet på ski som gjekk i Tveitedalen søndag, fordelt med 70 på karusellrenn nummer 5 og 30 på barneskirennnet.



Håvard Pedersen var raskast også denne gongen. Her startar han. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Idrettslaget Ternen skilte seg frå arrangementet med bravur. Dei hadde eit problem då høgtalaranlegget ikkje fungerte, men løyste det med imponerande stemmebruk!



Ingebjørg Haugland frå Uskedalen gjorde som vanleg ein framifrå innsats. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Avviklinga i det makelause skianlegget gjekk smertefritt, under framifrå føretilhøve.



Cathrine Haugland passerer mål. (Foto: Ola Maatti Mathisen)

Som vanleg var Uskedal IL godt representert. Til dømes var det med 6 10-åringar: Synneva E. Myklebust, Veslemøy Haugland, Jarand Jensen Eide, Martin Hjelmeland Arnesen, Jakob Taranger og Harald Myklebust Lekva.

I klasse 11 år vart Solveig Haugland nummer 3 og Ingvild E. Myklebust nummer 5.

I klasse 12 år for gutar vart Johannes Haugland nummer 2.

Maren H. Bjørnebøle vann 13-årsklassa.

Kari Bråtun var einaste deltakar i 14-årsklassa.

Ingebjørg Haugland vann 15-årsklassa.

Den raskaste av mennene var også denne gongen Ternens eigen Håvard Pedersen, som går i klasse 36-40 år og gjekk 10-kilometeren på 27,27.

I klasse 21-35 år gjekk Ole Vidar Monsen frå Uskedal på 30,53.

Cathrine Haugland gjekk 5 kilometer på 20,12 og vann klasse 36-40 år.

Bjarne Lilleaas (klasse 56-60 år) og Pål Haugland (klasse 61-65 år) gjekk på 40,01 og 37,55 denne gongen.

I trimklassa deltok Astrid Haugland og Kurt Haugland og dei vart nummer 4 og 3.

Av Ola Matti Mathisen



Torbjørn Haugland etter målpasseringa. (Foto: Ola Matti Mathisen)